



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Deres ref

Vår ref

Dato
Oktober 2008

Kjetil & Kjartan-tips mot mobbing og Foreldre mot mobbing

Framleis blir mange barn og unge mobba og diskriminerte. Resultata frå Elveundersøkinga 2008 viser ein svak tendens til at fleire elevar seier at dei har opplevt mobbing. Det kan vi ikkje slå oss til fåls med. Eg har sett i verk eit arbeid for å intensivere arbeidet mot mobbing og vil ta nye grep for å skape eit betre lærings- og oppvekstmiljø utan mobbing og utestenging.

Elevane har ein lovfesta rett til eit godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Vi må tenke nytt for å skape gode og trygge læringsmiljø for å få slutt på mobbinga.

Mange skular har engasjert seg i arbeidet mot mobbing og har fått gode resultat. Skulane har fått til eit betre psykososialt miljø gjennom eit samarbeid mellom skule og heim. Det er slike lokale tiltak som er med på gjere skulekvardagen betre. Tiltaka kan vere ulike. Det viktige er at dei er langsiktige og førebyggjande, at dei legg vekt på skape gode haldningar, og at alle elevar og foreldre er med.

For å skape engasjement og diskusjon i arbeidet mot mobbing har vi bede humoristane og pedagogane, Kjetil & Kjartan om å lage ein DVD med filmar til bruk i undervisning og på foreldremøte. På DVD-en vil de finne ni kortfilmar med ulike tips til elevane om korleis dei kan vere med på å hindre og få vekk mobbinga. Det er også ein film spesielt laga for foreldre. Filmane skal nyttast som utgangspunkt for samtalar om kva elevar og foreldre kan gjere med mobbing. For elevane vil filmane høve for 5.-10. klassesteget. Foreldrefilmen kan vere tenleg i foreldremøte frå første klassesteget.

Regjeringa vil, gjennom eit nytt program for inkluderande lærings- og oppvekstmiljø, føre vidare den nasjonale innsatsen mot mobbing. Eg ønskjer at både skule, elevar og foreldre skal vere aktivt med i dette arbeidet. Vi må vere meir målmedvitne enn tidlegare og gjere det vi kan for å styrkje den sosiale og kulturelle kompetansen i skulen.

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Kontoradresse
Akersg. 44

Telefon 22 24 90 90*
postmottak@kd.dep.no
www.kunnskapsdepartementet.no
Org no. 872 417 842

Arbeidet mot mobbing må først og fremst gjerast der barn og ungdom er til dagleg. Eg vonar at desse filmane vil vere med på å skape engasjement og auka innsats mot mobbing lokalt. Eg oppmodar derfor alle skuleleiarar, lærarar og andre tilsette i skulen og ikkje minst foreldre, barn og unge sjølve til saman å ta ansvar. Berre på den måten kan vi lykkast.

Med helsing

Bård Vegar Solhjell
kunnskapsminister